



Sjekkliste for egenrevisjon

99 ØKOLOGISKE PRODUKSJONAR

© Stiftelsen Norsk Mat
Versjon 2023.10



Spørsmål som krever dokumentasjon vises med symbolet

Her er alle spørsmål knytt til økologisk produksjon samla i ei sjekklister. Sjekklister er delt inn i temaspørsmål per produksjon. Svar "Nei" på dei økologiske produksjonane du ikkje har, og svar "Ja" på dei økologiske produksjonane du har. På dei temaspørsmåla du svarer "Ja" på må du svare på underliggende spørsmål.

99.1 GENERELLE KRAV TIL GARDEN



99.1.1 Har du nødvendig dokumentasjon knytt til KSL, økologikontrollen og drifta oversiktleg og tilgjengelig for dei som skal sjå den?

Ein skal ha oversikt over aktuell dokumentasjon slik at det er praktisk mogleg å finne fram i systemet. Oversikta treng ikkje vere detaljert. For dokument som er viktige for den daglege drifta bør det finnast ei skriftleg oversikt slik at andre personar i drifta kan finne dei når det trengst.

Offentlege tilsynsrapportar skal takast vare på slik at ein kan dokumentere eventuelle tilsynsbesøk. Har du hatt offentlig tilsyn utan at det er påvist avvik eller manglar, skal du likevel krevje å få skriftleg rapport for å kunne dokumentere tilsynet.

Ved KSL-revisjon skal all nødvendig dokumentasjon vere lett tilgjengeleg, same kva for dokumentasjonssystem som er brukt. Alle dokumentasjonskrav er spesifikt førte opp i KSL-standarden.

For dokumentasjonskrav er hovudregelen at dokumenta skal oppbevarast så lenge dei er aktuelle og har betydning for drifta. For nokre av krava er det definert kor lenge dokumenta skal arkiverast, og dette er da beskrive i rettleiinga til dei sjekklisterpunkta det gjeld.

Eksempel på aktuell dokumentasjon:

- gjødslingsplan/jordprøvar
- tilsynsrapportar
- el-kontroll

For revisjon på økologiområdet er det definert i verksemda si driftsbeskriving kva slags dokumentasjon som ligg til grunn og skal vera tilgjengeleg for godkjenning for økologisk produksjon.

§ Krav

Økologiforskriften	Lovkrav
Internkontrollforskriften	Lovkrav

99.1.2 Har du lukka eventuelle avvik frå KSL-revisjon, Debio-revisjon eller eigenrevisjon innan gitte fristar?

Avvik som blir påviste, skal lukkast innan fristen som er sett. Lukking av avvik som er påviste ved KSL-revisjon, skal meldast til Matmerk.

Dersom ein ikkje får lukka avviket innan fristen som er sett, kan ein få utsetjing. Gjeld det avvik ved eigenrevisjon, skal årsaka til at avviket ikkje er lukka, noterast i tiltaksplanen på sjekklister, og det skal setjast ny frist. Gjeld det avvik påvist ved KSL-revisjon, skal Matmerk kontaktast for å få utsett frist. Utsetjing må grunnigvast.

Utsetjing av fristen for å lukke avvik ved Debio-revisjon må avklarast med Debio.

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

99.1.3 Om ikkje heile garden blir driven økologisk: blir det drive parallelt økologisk/konvensjonelt i samsvar med regelverket?

Ein kan drive parallelt med økologisk og ikkje-økologisk produksjon innan same verksemd. Følgjande føresetnader må leggjast til grunn:

- Den økologiske produksjonen skjer i ei driftseining der lager/driftsbygningar og areal er klart åtskilt frå ikkje-økologiske einingar.
- Dyrking av ulike sortar som lett kan haldast frå kvarandre på åker og lager. For fôrproduksjon på eng (gjeld ikkje arealer som berre er brukt til beite), må det brukast ulik frøblanding på økologisk og konvensjonelt areal. Det må vera gode rutinar på å skilje økologisk og ikkje-økologisk avling etter hausting.
- For husdyrhald må det haldast ulike arter i økologisk og ikkje-økologisk drift.
- Produsent kan dokumentere at innkjøpte økologiske og ikkje-økologiske innsatsvarer er klart åtskilte (rekneskap/vedlegg).

Den ikkje-økologiske driftseininga skal vere tilgjengeleg for fysisk inspeksjon.

§ Krav

Økologiforskriften	Lovkrav
--------------------	---------

99.1.4 Er endringar som gjeld drifta meldt til Debio?

Som driftsansvarleg har du plikt til å melde frå til Debio dersom det skjer vesentlege endringar i drifta.

Endringar det skal meldast frå om er når:

- endring inneber at beskrivinga av verksemda (driftsbeskrivinga) ikkje lenger stemmer med dei faktiske forholda, t.d. endring i produksjonsområde/lokalar eller ny driftsansvarleg
- du treng godkjenning for nye produksjonar/aktivitetar
- produksjons/aktivitetar ikkje lenger skal produserast økologisk
- verksemda endrar namn, kontaktperson, adresse, telefon, organisasjonsnummer o.l., eller ved eigarskrifte

Endringane meldes til kontor@debio.no

§ Krav

Driftsbeskrivelser økologisk landbruk	Bransjekrav
Regelverksveileder økologisk landbruk	Lovkrav

99.1.5 Er mottakskontroll utført?

Når du tek i mot økologiske produkt skal du kontrollere at emballasjen eller behaldaren er lukka og at dei nødvendige opplysningar ligg føre. Du skal krysskontrollere at opplysningane i merkinga stemmer med opplysningane i følgjedokumenta. Resultata av mottakskontrollen skal angjevast i rekneskapen. Du kan til dømes nytte eigne skjema for mottak, eller du kan bekrefte på pakksetel at økologisk merking er kontrollert.

§ Krav

Regelverksveileder økologisk landbruk	Lovkrav
---------------------------------------	---------

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

99.1.6 Er avvik og mistatnke om tilhøve som er rettsstridige knytt til økologisk produksjon meld til Debio?

Dersom du har grunn til å mistenkje at eit produkt som har produsert, tilverka, importert eller motteke frå ei anna verksemd, ikkje er i samsvar med krava i økologiregelverket, skal du straks enten fjerna økologimerkinga eller isolere produktet. Du skal ikkje handtere slike produkt vidare som økologiske før alle mistanke er fjerna. Dette kan vera teikn på at alt ikkje er som det skal:

- funn ved mottak av produkt: om pakningane er heile og merkinga er korrekt – mogleg samanblanding av produkt
- prisen er betydeleg under gjennomsnittspris i marknaden
- tvil om ein leverandør sitt sertifikat er ekte
- funn av pesticidrestar som kan indikere bruk av produkt som ikkje er lov i økologisk produksjon

Om dette skjer, skal du straks informere Debio om mistanken og hvilke tiltak du har iverksatt. Debio kan kreve at produktene ikkje handterast vidare som økologiske før dei har motteke informasjon som gjer att mistanken kan fjernast.

§ Krav

Økologiforskriften	Lovkrav
--------------------	---------

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt



99.1.7 Oppbevarast dokumentasjon som krevst særskilt i samband med Debio-kontroll?

Kontroll av sertifikata til leverandørane du bruker

Du skal kontrollera at dei leverandørane du tek i mot økologiske varer frå er underlagt økologikontroll. Unntak er når leverandøren er ein detaljist som ikkje er kontrollpliktig. Dette gjer du ved å gjera ein kontroll av leverandøren sine sertifikat. Denne kontrollen skal som minimum omfatte:

- at sertifikatet er utstedt av eit godkjend kontrollorgan
- at sertifikatet er gyldig for den perioden varer blir mottekne
- at aktivitetane og produktomfanget samsvarer med den type varer ein tek i mot

Det kan t.d. gjerast ved å gå inn på kontrollorganet si heimeside og laste ned sertifikat eller pdf-fil med registreringar derfrå eller be leverandør om å sende kopi av sitt sertifikat. Ved kontroll frå Debio skal verksemda dokumentere at leverandørsertifikatet er kontrollert.

§ Krav

Regelverksveileder økologisk landbruk	Lovkrav
---------------------------------------	---------

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt



99.1.8 Er alle nedskrivne rutinar for å hindre at økologisk produksjon blir påverka av ikkje-tillatne innsatsmiddel fylgt?

Praktiske retningslinjer for å hindre at økologisk produksjon ikkje blir påverka av ikkje-tillatne innsatsmiddel, og klart skilt frå ikke-økologisk produksjon, vil gå fram av garden si driftsbeskriving. At desse tiltaka er gjennomført og blir følgt er ein føresetnad for økologisk godkjenning.

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt



99.1.9 Er produkt omsett som økologisk vare, merka i samsvar med krava?

Produkt som blir omsett fra garden som økologisk vare skal følgjast av særskilt dokumentasjon. For kvart vareparti skal det gå fram at produktet er økologisk og kven som har godkjent det (Debio). Debio sitt kodennummer (NO-ØKO-01) skal også gå fram. Ø-merket eller EU sin logo for økologisk produksjon kan også brukast. Merkinga skal gå fram på emballasjen, eller på følgjeskriv som eintydig refererer til det bestemte varepartiet.

For levering av dyr til slakt, finst det eigne øreklips kor desse opplysningane visast. For levering av mjølk, er det tilstrekkeleg at dokumentasjon på godkjenning blir levert råvarekjøpar ved inngåing av kontrakt om levering av økologisk mjølk. Ved levering av varer i bulk, til dømes korn, skal det fyllast ut ein eigenerklæring som følgjer lasset.

§ Krav

Erklæring om økologikontroll	Bransjekrav
------------------------------	-------------

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt



99.1.10 Er merking og marknadsføring av økologiske produkt gjort slik at ein ikkje kan misforstå kva for produkt og produksjonar som er økologiske?

Ved sal og marknadsføring skal opplysningar om økologisk produksjon settast fram på ein slik måte at det ikkje kan vere tvil om kva for produkt som er økologisk godkjent, og kva for nokre som ikkje er det. Det betyr til dømes at ein gard som driv både økologisk og konvensjonelt ikkje kan knytte begrepet "økologisk" til gardsnavnet.

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt



99.1.11 Brukar du gjødslingsplanen aktivt, og noterer du dei faktiske gjødselmengdene som er brukt denne sesongen?

Gjødselmengda skal avpassast etter næringstilstanden i jorda, veksten som skal dyrkast der, og forventa avlingsnivå for veksten. Dersom vekstforholda utviklar seg annleis enn det er føresett i gjødslingsplanen, må det takast omsyn til dette ved gjødslinga.

I økologisk produksjon er det ikkje lov å bruke avløpsslam. Det er også særskilte avgrensingar på kva slags type gjødsel som kan brukast, og det kan vera avgrensingar på mengde, og kva for føresetnader som skal liggje til grunn for bruken. Gjødseltype skal vera i samsvar med positivlista i økologiforskrifta, og ein må sikra seg om at bruken er i samsvar med regelverket.

§ Krav

Økologiforskriften	Lovkrav
Forskrift om gjødselvarer	Lovkrav
Forskrift om gjødselplanlegging	Lovkrav

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt



99.1.12 Ved bruk av ikkje-økologisk gjødsel, kan behovet dokumenterast?

Ved økologisk produksjon kan ikkje-økologisk gjødsel brukast som eit supplement til andre tiltak, dersom det er behov for det. Behovet kan til dømes dokumenterast med ein gjødselplan der jordanalysar, forventa avlingsmengde og berekna næringsbehov går fram.

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

99.2 GROVFØR, KORN, OLJEFRØ, ERTER OG DYRKING AV FRØ



99.2.1

Dersom økologisk såfrø ikkje er tilgjengeleg, er det på førehand søkt om lov til å bruke av ikkje-økologiske såfrø til økologisk areal?

For økologisk godkjenning skal det vere brukt økologisk såvare. Dette er eit krav i økologiforskrifta. Rekneskapsvedlegg er aktuell dokumentasjon dersom det vises at produktet er økologisk. Kan det ikkje skaffast økologiske frø må ein søke tillating på førehand for bruk av ikkje-økologisk vare. Det kan søkjast om slik tillating på www.okofro.no.

Ved bruk av ikkje-økologisk såvare må det kunne dokumentast kva for sortar som er brukt og at frøa ikkje er beisa. Om ikkje slike opplysningar går fram av rekneskapsvedlegg er etikett på emballasjen ein god dokumentasjon.

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

§ Krav

ØKOfrø	Lovkrav
--------	---------

99.2.2 Er det brukt lovleg type ensileringsmiddel til økologisk fôr?

Bakterieprodukt, enzym og mikroorganismar kan brukast som ensileringsmiddel. Det gjeld og syrene som er lista i vedlegg 3 del B i *Regelverksrettlegg for økologisk landbruksproduksjon*. For oppdatert liste over tillatne produkt sjekk Debio sitt driftsmiddelregister (lista er ikkje nødvendigvis utfyllande) eller ta kontakt med kontrollorganet.

§ Krav

Debios driftsmiddelregister	Bransjekrav
Regelverksveileder økologisk landbruk	Lovkrav

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

99.3 POTET



99.3.1

Dersom økologisk settepotet ikkje er tilgjengeleg, er det på førehand søkt om tillating til bruk av ikkje-økologisk settepotet på økologisk areal?

På www.okofro.no finst det ein oversikt over tilgjengeleg økologisk settepotet på marknaden. Dersom det ikkje er mogleg å få tak i økologiske settepoteter av ønska sort, kan ikkje-økologiske settepoteter brukast. I slike tilfelle må ein innhente tillating til dette på førehand.

§ Krav

ØKOfrø	Bransjekrav
--------	-------------

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

99.4 GRØNSAKER, FRUKT OG BÆR



99.4.1 Er partinummer ved innkjøpt såvare/planter eller art og sort ved bruk av eigne såvare/eigne planter registrert?

Frø og plantemateriale som blir brukt i produksjonen skal dokumenterast. Rekneskapsvedlegg påført partinummer og sort er tilstrekkeleg som dokumentasjon. Dette kravet dokumenterer kva for plantemateriale som er brukt ved eventuelle reklamasjonar. (Enkelte har partinummer på emballasjen og ikkje på rekneskapsvedlegg). Når frø og plantemateriale ikkje er innkjøpt, er det nok med dokumentasjon av art og sort. Dette kravet er teke med slik at sort kan dokumenterast ved sortsavhengig betaling.

For økologisk godkjenning er det eit krav om at frø og plantemateriale skal vere økologiske. Dette er eit krav i økologiforskrifta. Kan det ikkje skaffast økologiske frø/formeiringsmateriale, kan det søkjast om løyve til å bruke ikkje-økologisk vare. Dette er eit krav i økologiforskrifta. Ved bruk av ikkje-økologisk vare må det kunne dokumentast kva for sortar som er brukt og at frøa ikkje er beisa. Om ikkje slike opplysningar kjem fram av rekneskapsvedlegg, er etikett på emballasjen ein god dokumentasjon..

§ Krav

Økologiforskriften	Lovkrav
Forskrift om såvarer	Lovkrav

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt



99.4.2 Dersom det er aktuelt for produksjonen, blir typar dyrkingsmedium som produkt av jord, torv og/eller syntetiske stoff registrert?

Ved bruk av spesielle dyrkingsmedium (produkt av jord, torv og/eller syntetiske stoff for dyrking av planter) skal det kunne dokumenterast kva for type medium som er brukt. Dette kan gjerast gjennom rekneskapsvedlegg.

For økologisk produksjon må ingrediensar i dyrkingsmediet kunne dokumenterast, og at desse er i samsvar med krava i økologisk produksjon. Det vil seie at ingrediensane må finnast på økologiforskrifta si positivliste for lovlege gjødsel- og jordforbetningsmiddel. Dette er eit krav i økologiforskrifta.

§ Krav

Veileder til forskrift om gjødselvarer	Lovkrav
--	---------

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt



99.4.3

Dersom økologisk frø/formeiringsmateriale ikkje er tilgjengeleg, er det på førehand søkt om tillating til bruk av ikkje-økologisk formeiringsmateriale på økologisk areal?

På www.okofro.no finst det ein oversikt over tilgjengelege økologiske såfrø og formeiringsmateriale på marknaden. Dersom det ikkje er mogleg å få tak i å få tak i økologisk frø eller formeiringsmateriale av ønska sort, kan ikkje-økologisk såfrø eller ikkje-økologisk formeiringsmateriale brukast. I slike tilfelle må ein innhente tillating til dette på førehand, fortrinnsvis via same heimeside. Dokumentasjon på innhenta løyve skal leggjast fram under revisjon frå Debio. Det er knytt bestemte krav til oppal av ikkje-økologisk formeiringsmateriale (mellom anna fråvær av kunstgjødsel og kjemiske plantevernmiddel), og oppalet må kunne dokumenterast.

§ Krav

ØKOfrø	Bransjekrav
--------	-------------

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

99.5 DRØVTYGGARAR

99.5.1

Får økologiske dyr 100 % økologisk fôr?

Alt fôr til drøvtyggarar i økologisk produksjon skal kome frå økologisk produksjon. Dette gjeld beiter, grovfôr (eige og innkjøpt høg, halm og surfôr), kraftfôr og mjølkefôr. Vitamin- og mineralblandingar treng ikkje vere økologisk godkjent, men innhaldet skal vere i samsvar med eiga positivliste. Bruk av eventuelt karensfôr må til ei kvar tid liggje innanfor dei unntaksreglane som er gitt.

§ Krav

Økologiforskriften	Lovkrav
Regelverksveileder økologisk landbruk	Lovkrav

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

99.5.2 Får alle økologiske dyr naturleg mjølk i ein fastsatt minimumsperiode frå fødselen av?

I ein periode på minimum 3 månader for storfe, og 45 dagar for sau og geit, skal økologiske dyr ha tilgang på naturleg mjølk frå økologisk produksjon (fortrinnsvis mjølk frå same art, og helst morsmjølk).

Om økologisk mjølkefôr ikkje er tilgjengeleg, må enkeltdyr fôrast med ikkje-økologisk mjølk/mjølkeerstatning. Slikt fôr er ikkje tillate innanfor økologisk produksjon, og desse enkeltdyra må derfor gjennom ny karenstid frå den dagen mjølkefôringa sluttar før dei kan leverast som økologisk. Rutinar for korleis dette handterast skal vere beskrive i garden si driftsbeskriving. Om enkeltdyr er fôra med ikkje-økologisk mjølk/mjølkeerstatning skal dette noterast som avvik i eigenrevisjonen, og det skal under tiltak beskrivast kva som er gjort for at desse dyra ikkje blir omsett som økologisk.

§ Krav

Økologiforskriften	Lovkrav
Regelverksveileder økologisk landbruk	Lovkrav

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

99.5.3 Er oppstalling av dyra i samsvar med forskrift om hold av storfe/forskrift om velferd for småfe og økologiforskrifta?

Krav til oppstalling av økologiske dyr finst i økologiforskrifta. Sjå også Veileder til forskrift om økologisk landbruksproduksjon. Sjå kravlista.

Forskrift om hold av storfe og forskrift om velferd for småfe inneheld eit kapittel om oppstalling. Nokre punkt er:

Storfe: Kyr skal ha tilgang på liggjeplass med mjukt underlag og tett golv. Dette gjeld også kviger som har mindre enn 2 månader igjen til kalving. Kalvar under 6 månader skal ikkje haldast bundne. Kalvar skal ha tørr og trekkfri opphaldsplass, og mjuk liggjeplass med tett og varmeisolerande golv. Storfe skal kunne bevege seg fritt, og mosjonere på beite eller i eigna luftegard i minimum åtte veker i løpet av året. For økologiske dyr er det krav om at alle dyr skal på beite i beitesesongen. Unntak kan gjerast for oksar over eitt år, dersom dei blir haldne i eit husdyrrom med fri tilgjenge til luftegard heile året. Vidare er det krav om tett liggjeplass til alle dyr, og det er egne krav til størrelse på tilgjengeleg inneareal.

Småfe: Småfe skal ha tilgang til behageleg, tørr og trekkfri liggjeplass. Små lam og kje skal ha tilgang til tett liggjeunderlag med tilfredsstillande varmetekniske eigenskapar. For økologiske småfe er det krav om 1,5 m² tilgjengeleg inneareal pr. vaksne dyr, og 0,35 m² for lam og kje. De skal og ha tilgjenge til tett liggjeplass som utgjør halvparten av arealkravet.

§ Krav

Økologiforskriften	Lovkrav
Forskrift om hold av storfe	Lovkrav
Forskrift om velferd for småfe	Lovkrav
Veileder til forskrift om hold av storfe	Lovkrav
Regelverksveileder økologisk landbruk	Lovkrav

99.5.4 Har økologiske dyr som er oppbundne dagleg tilgang til luftegard?

Besetningar på 34 eller færre kyr per i produksjonsnummer er å anse som ei lita driftseining og er unntatt frå kravet lausdrift. Utanom beitesesongen skal kyr som står bundne ha tilgang til uteareal minst 2 gonger i veka, eller så ofte som vēr og føre tillét det. Bruken av luftegard skal loggførast.

§ Krav

Økologiforskriften	Lovkrav
--------------------	---------

99.5.5 Kan lufting av økologiske dyr som er oppbundne dokumenterast?

Besetningar på 34 eller færre kyr per i produksjonsnummer er å anse som ei lita driftseining og er unntatt frå kravet lausdrift. Utanom beitesesongen skal kyr som står bundne ha tilgang til uteareal minst 2 gonger i veka, eller så ofte som vēr og føre tillét det. Bruken av luftegard skal loggførast.

§ Krav

Økologiforskriften	Lovkrav
Regelverksveileder økologisk landbruk	Lovkrav

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

99.5.6 Får økologiske drøvtyggarar tilgang på beite heile beitesesongen i samsvar med krava?

Alle økologiske drøvtyggarar skal kunne beite frå graset er 5-10 cm langt, til det ikkje lenger er tilvekst på graset. Unntatt er oksar som gjennom heile året har tilgang på luftgard.

§ Krav

Økologiforskriften	Lovkrav
Regelverksveileder økologisk landbruk	Lovkrav

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

99.6 SVIN

99.6.1 Får økologiske dyr økologisk fôr?

Alt fôr til svin i økologisk produksjon skal i utgangspunktet kome frå økologisk produksjon. Dette gjeld beiter, grovfôr, kraftfôr og mjølkefôr. For svin er det i ein overgangsperiode lov å bruke ein del ikkje-økologiske proteinråvarer når det ikkje er mogeleg å skaffe fôr som utelukkande kjem frå økologisk produksjon. Til og med 31. desember 2026 er det lov med maksimum 5 % ikkje-økologiske proteinråvarer til svin. Dette gjeld samla for innkjøpt kraftfôr og andre fôrvarer som blir brukt. Det skal gå fram av merkinga på kraftfôret kor stor del ikkje-økologiske råvarer som inngår. Det er ditt ansvar å kontrollere at maksimumsgrensa er overhalden. Vitamin- og mineralblandingar treng ikkje vera økologisk godkjent, men innhaldet skal vera i samsvar med eiga positivliste.

§ Krav

Økologiforskriften	Lovkrav
Regelverksveileder økologisk landbruk	Lovkrav

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

99.6.2 Er oppstalling av dyra i samsvar med forskrift om hold av svin og økologiforskrifta?

Forskrift om hold av svin inneheld fleire krav til oppstalling. Nokre punkt blir nemnt her:

- Svin skal ha tilgang til behageleg, tørr, rein og trekkfri liggjeplass med passe temperatur.
- Svin skal ha separat liggjeplass og gjødselplass. Det skal vera tett golv, djupstrø eller talle på liggjeplassen.
- Det er ikkje lov å fikserer svin. Unntak er i samband med føring, veterinærbehandling/inseminering, spesielt urolege enkeltdyr under brunst og fiksering i samband med grising. Dette skal avgrensast til tidspunktet for grising og inntil 1 veke etter dette.

Økologiforskrifta har tilleggskrav til oppstalling av svin. Dette inneber mellom anna krav om tilgang til utandørsareal og eigne krav til størrelse på tilgjengeleg inneareal.

§ Krav

Økologiforskriften	Lovkrav
Forskrift om hold av svin	Lovkrav
Veileder for hold av svin	Lovkrav
Regelverksveileder økologisk landbruk	Lovkrav

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

99.6.3 Har økologiske grisar tilgang til utandørsareal?

Alle økologiske grisar skal ha tilgang til utandørsareal. Dyra skal kunne gjere frå seg og rote med trynet på utearealet. Purker kan holdast innandørs i maksimum 14 dagar etter grising for å ha eit godt tilsyn med dei. Etter to veker frå grising skal purker ha tilgang til uteareal, og kunne velja mellom opphald innandørs og utandørs. Purker kan opphalde seg utandørs under dei fleste klimatiske forhold, bortsett frå svært streng kulde, ekstremvær eller store nedbørsmengder som gjer utandørsområdet ueigna. Spedgrisane skal ha tilgang til uteareal frå dei er 14 dagar gamle så sant vêr og temperatur tillet det og uteareala er eigna. Spedgrisane skal uansett kunne gå inn når dei har behov for det.

§ Krav

Økologiforskriften	Lovkrav
--------------------	---------

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

99.7 FJØRFE

99.7.1 Tek fuglane utearealet regelmessig i bruk?

Det er eit krav at økologiske fjørfe skal ha tilgang til ein uandørs luftegard når vêret tillet det. Luftegardane skal hovudsakleg vera dekkja med vegetasjon, og tilhøva skal leggjast til rette for at fuglane tek arealet i bruk.

For slaktekylling skal utearealet ikkje vera i bruk i minst 1 måned etter kvart innsett, jf. § 13 i økologiforskrifta. For anna fjørfe skal utearealet ikkje vera i bruk i minst 3 månader etter kvart innsett.

§ Krav

Økologiforskriften	Lovkrav
--------------------	---------

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

99.7.2 Får utearealet ein kvileperiode som sikrar reetablering av vegetasjon og sanering av smitte?

For slaktekylling skal utearealet ikkje vera i bruk i minst 1 måned etter kvart innsett, jf. § 13 i økologiforskrifta. For anna fjørfe skal utearealet ikkje vera i bruk i minst 3 månader etter kvart innsett.

§ Krav

Økologiforskriften	Lovkrav
--------------------	---------

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

99.7.3 Har vatnfuglar tilgang til bekk, elv, vann eller dam?

Det er eit krav at økologiske vatnfuglar skal ha tilgang til vatn (badeplass) for å kunne tilfredsstille naturlege behov for åtferd tilpassa arten.

§ Krav

Økologiforskriften	Lovkrav
Regelverksveileder økologisk landbruk	Lovkrav

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

99.7.4 Har alle høns tilgang til vaglepinnar og verpekassar?

Det er eit krav at økologiske verpehøns og perlehøns har tilgang på vaglepinnar (18 cm pr. verpehøne/20 cm for perlehøns). Det skal vere maks 8 høns pr. verpekasse eller min 120 cm²/dyr ved bruk av felles verpekassar.

§ Krav

Økologiforskriften	Lovkrav
Regelverksveileder økologisk landbruk	Lovkrav

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

99.7.5 Er det tilgang til dagslys i husdyrrom?

Det skal vera tilgang til dagslys i husdyrrom for fjørfe. Tilgangen kan supplerast med kunstig lys for å sikre lys i inntil 16 timar kvar dag.

§ Krav

Økologiforskriften	Lovkrav
Regelverksveileder økologisk landbruk	Lovkrav

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

99.7.6 Får dyra berre økologisk godkjend fôr?

Alt fôr til fjørfe i økologisk produksjon skal kome fra økologisk produksjon. Grovfôr (ferskt, tørka eller ensilert) skal inngå i dagsrasjonen til økologisk fjørfe.

§ Krav

Økologiforskriften	Lovkrav
Regelverksveileder økologisk landbruk	Lovkrav

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

99.7.7

Når du kjøper, sel, tek i mot eller gir bort fjørfe eller rugeegg - førast det journal eller deklarasjon?

Det er ikke tilgang på økologiske daggamle kyllingar under 3 dagar, og det er lov å nytte ikkje-økologiske kyllingar utan først å søkje om lov. Fjørfe eldre enn 3 dagar må vera økologiske ved innkjøp.

Eit godt oppal er viktig for å oppretthalde helse og uthaldet hos verpehønene gjennom heile produksjonsperioden. Riktig vektutvikling hjå livkyllingen er sentralt. Overflytting frå oppalshus til nytt miljø hos eggprodusenten kan opplevast stressande for dyra. Flytting i rimeleg tid før verpinga tek til er viktig, slik at hønene får tid til å tilpasse seg nytt miljø. Oppverpingsfasen er ei stor påkjenning for hønene med raskt aukande hormonproduksjon og hurtig vekst av eggleggingsorgana.

- Minst ei veke før levering skal eggprodusenten ta imot råd frå oppalar om korleis forholde skal leggest til rette for å gjere overgangen så gunstig som mogleg for unghønene. Dette inneber minimum informasjon om fôr og temperatur i huset, i tillegg til opplysingar om eventuelle avvik utover det normale.
- I salskontrakta mellom oppalar og eggprodusent skal oppalar utstede ei erklæring til eggprodusent. Erklæringa skal innehalde: "Oppalar garanterer at de x tal leverte høner har same alder og er ala opp hos undertekna".
- Dersom oppalar ikkje kan overhalde erklæringa (dvs. at det vil bli levert suppleringshøner som ikkje er frå eige oppal eller at det vil bli levert høner med annan alder), skal eggprodusenten informerast så tidleg som mogleg. Suppleringshønene skal leverast med eigen deklarasjon.
- Ved levering av dyr til økologisk produksjon skal oppalet være godkjent økologisk. Det skal av salsdokumentasjon gå fram at dyra er økologiske og produksjonen godkjent av Debio.

§ Krav

Søknadsskjema Debio	Bransjekrav
---------------------	-------------

99.7.8 Økologisk fjørfekjøtt - minstealder: Tilfredsstiller dyra krav til minstealder ved slakting?

For økologisk fjørfe er minstealder for slakt 81 dagar for kyllingar, 49 dagar for pekingender, 70 dagar for moskusender hoer og 84 dagar for moskusender hannar, 92 dagar for stökkender, 94 dagar for perlehøns, samt 140 dagar for kalkuner og gjess. Alternativt kan langsamtveksande rasar brukast.

§ Krav

Økologiforskriften	Lovkrav
Regelverksveileder økologisk landbruk	Lovkrav

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

99.7.9 Sikrar praksis at eggprodusentane seinast ei veke før innsetting får nødvendig anbefaling frå oppalar om korleis forholda skal leggast til rette for å gjere overgangen gunstig for unghønene og tilrettelagd for økologisk produksjon?

Det er ikke tilgang på økologiske daggamle kyllingar under 3 dagar, og det er lov å nytte ikkje-økologiske kyllingar utan først å søkje om lov. Fjorfe eldre enn 3 dagar må vera økologiske ved innkjøp.

Eit godt oppal er viktig for å oppretthalde helse og uthaldet hos verpehønene gjennom heile produksjonsperioden. Riktig vektutvikling hjå livkyllingen er sentralt. Overflytting frå oppalshus til nytt miljø hos eggprodusenten kan opplevast stressande for dyra. Flytting i rimeleg tid før verpinga tek til er viktig, slik at hønene får tid til å tilpasse seg nytt miljø. Oppverpingsfasen er ei stor påkjenning for hønene med raskt aukande hormonproduksjon og hurtig vekst av eggleggingsorgana.

- Minst ei veke før levering skal eggprodusenten ta imot råd frå oppalar om korleis forholda skal leggast til rette for å gjere overgangen så gunstig som mogleg for unghønene. Dette inneber minimum informasjon om fôr og temperatur i huset, i tillegg til opplysingar om eventuelle avvik utover det normale.
- I salskontrakta mellom oppalar og eggprodusent skal oppalar utstede ei erklæring til eggprodusent. Erklæringa skal innehalde: "Oppalar garanterer at de x tal leverte høner har same alder og er ala opp hos underteikna".
- Dersom oppalar ikkje kan overhalde erklæringa (dvs. at det vil bli levert suppleringshøner som ikkje er frå eige oppal eller at det vil bli levert høner med annan alder), skal eggprodusenten informerast så tidleg som mogleg. Suppleringshønene skal leverast med eigen deklarasjon.
- Ved levering av dyr til økologisk produksjon skal oppalet være godkjent økologisk. Det skal av salsdokumentasjon gå fram at dyra er økologiske og produksjonen godkjent av Debio.

§ Krav

Søknadsskjema Debio	Bransjekrav
---------------------	-------------

99.8 HONNING

99.8.1 Er mottakskontroll utført?

Ved kjøp eller anskaffing av driftsmiddel til økologisk produksjon skal det kontrollerast at det innførte driftsmiddelet er økologisk, eller at det på annan måte er tillat brukt i økologisk produksjon. At mottakskontroll er utført skal dokumenterast. Dette kan ein til dømes enkelt gjera ved noteringar på følgjesetlar eller vedlegg for dei aktuelle produkta som viser at økologisk opphav er kontrollert. (ok, eller signatur på faktura eller følgjesetel)

§ Krav

Økologiforskriften	Lovkrav
Regelverksveileder økologisk landbruk	Lovkrav

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

99.8.2 Ved sal/marknadsføring som økologisk vare; er produksjonen sertifisert av Debio?

Ved produksjon og omsetnad av økologisk honning skal produksjonen vera sertifisert av Debio for økologisk produksjon.

§ Krav

Økologiforskriften	Lovkrav
Regelverksveileder økologisk landbruk	Lovkrav

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

99.8.3 Kan det dokumenterast at berre lovlege produkt er brukt til desinfeksjon, reingjering og vern mot skadegjerarar?

I økologisk produksjon er det berre lov å bruke produkt som er listeført som vern mot skadegjerarar i regelverket. Til dømes kan kaustisk soda brukast. Fysisk behandling som vassdamp og direkte flamme er også lov. Til reingjering og desinfeksjon av bygningar, materiell og reiskapar som blir brukt i birøkt, er det berre lov å bruke stoffa som er listeført i regelverket. Til dømes kan grønsåpe brukast. Rekneskap og vedlegg kombinert med eigne noteringar er aktuell dokumentasjon.

§ Krav

Økologiforskriften	Lovkrav
Regelverksveileder økologisk landbruk	Lovkrav

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

99.8.4 Er alle bigardane plassert slik at nektar- og pollenkilder i ein radius på tre km frå bigarden tilfredsstillar krav til økologiske produksjon?

Nektar- og pollenkilder skal vesentleg bestå av avlingar produsert etter økologisk produksjonsmetode og/eller har eit viltveksande planteliv. Forureiningskjelder som bykjerner, motorvegar, industriområde, fyllplassar, forbrenningsanlegg osv. skal ikkje finnast i trekkområdet.

§ Krav

Økologiforskriften	Lovkrav
Regelverksveileder økologisk landbruk	Lovkrav

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

99.8.5 Blir bigarden drive utan bruk av kjemiske eller syntetiske avskrekkingsmiddel?

Ved handtering av biene og hausting av honning er kjemiske eller syntetiske avskrekkingsmiddel ikkje lov.

§ Krav

Økologiforskriften	Lovkrav
Regelverksveileder økologisk landbruk	Lovkrav

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

99.8.6 Er kravet til å avstå frå vengjeklipping av dronningar følgt?

Vengjeklipping av dronningar er ikkje lov i økologisk produksjon.

§ Krav

Økologiforskriften	Lovkrav
Regelverksveileder økologisk landbruk	Lovkrav

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

99.8.7 Er regelverket fylgt ved tilføring av bier og yngel frå ikkje-økologiske driftseiningar?

Bigarden kan årleg tilførast inntil 10 % dronningar og avleggjarar/skaksvermar frå ikkje-økologiske driftseiningar, under føresetnad av at bidronningane og avleggjarane/skaksvermane plasserast i bikubar der dei utbygde tavlene eller byggjevokstavlene kjem frå økologiske driftseiningar. For gjenoppbygging av bifolk etter sjukdom og uføresette hendingar, må det liggje føre tillating til å innføre bifolk frå ikkje-økologiske driftseiningar. Ein føresetnad for å få slik tillating er at økologiske bifolk ikkje er tilgjengeleg, og at dei blir underlagt eitt års karenstid før produkta blir omsett som økologisk vare.

§ Krav

Økologiforskriften	Lovkrav
Regelverksveileder økologisk landbruk	Lovkrav

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

99.8.8 Kan det dokumenterast at voks som er brukt stammar frå økologiske bigardar, eller at slik voks ikkje var tilgjengeleg ved innkjøp?

Dersom det ikkje finst økologisk voks på marknaden, kan voks frå ikkje-økologiske einingar brukast i økologiske bigardar. I slike tilfelle må birøktaren kunne leggje fram dokumentasjon på at økologisk voks ikkje var tilgjengeleg ved innkjøp. Slik dokumentasjon kan til dømes vere ei stadfesting frå Honningcentralen.

§ Krav

Økologiforskriften	Lovkrav
Regelverksveileder økologisk landbruk	Lovkrav

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt